



Sonja Hjelmtveit
Seimsleitet 127
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13788 - 20/57646

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
15.09.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 172/76 Hopland

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 172/76
Tiltakshavar: Sonja Hjelmtveit

Alver kommune har den 04.08.2020 motteke melding frå Norva24 om at det ved tømring den 14.07.2020 vart registrert lekkasje i septiktanken på eigedommen din, med adresse Seimsleitet 127, 5912 Seim. Kun fast masse ligg igjen på botnen. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke. Lågt nivå og lekkasje vart rapportert ved tømning i mai 2018, i tillegg til at det den gongen mangla dykk utløp. Lekkasjen er ikkje utbeta.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlige sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureningslova § 7.

Lekkasjen må utbeta. Frist for arbeidet vert sett til 15.11.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å utbeta forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følger av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Sonja Hjelmtveit

Seimsleitet 127

5912

SEIM